



REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA 26.10.18 PÅ STORD HOTELL

Desse møtte: John Karsten Raunholm, Bjørn Håvard Bjørklund, Anne Sofie B. Kjeka, Solfrid Lier Habbestad, Hilde Aartun Haraldseide (møteleiar), Mariann Jacobsen Hilt og Bjørn Tore Enerstvedt

I tillegg møtte desse til sak 45/18: Jan Gilje, Kristian Øen, Paul Otto Brunstad, Jannecke Fjeldtvedt, Bente H. Bergtun, Vegard Røssland, Marianne Grønnevik, Mone Nilsen, Dan Torbjørnsen, Heidi Solheim, Petter Steen jr., Siri Marie Erland

SAK 43/18: REFERAT OG MELDINGAR

- Referatet frå sist møte (05.10) vart godkjent.
- Meldingar frå leiar/dagleg leiar/andre vert teke her.
 - Kort presentasjon av ny nettside FOS.
 - Fagdagen 25.01.19. Alle tilbod knytt til inkluderande barnehage- og læringsmiljø. Stord og Fitjar har eigne opplegg denne dagen.
 - Drøfting kring bruk/val av digital løysing 1:1 i skulane. Styringsgruppa kan tenka seg ei læringsøkt med IKT som tema etter jul. Det er òg nødvendig å sjå nærare på løysingar for barnehage.

SAK 44/18: DESENTRALISERT KOMPETANSEHEVING - BARNEHAGE

- Det må veljast to representantar til fylkesgruppa. Må vera klart til 1. november.
 - Mariann J. Hilt representerer barnehageeigar, Anne Sofie B. Kjeka representerer barnehagemynde. Dato for møte: 29. november.
- Styringsgruppa vil den 23. november ha møte med både HVL og NLA. Etter desse møta må det avgjerast kven FOS ynskjer å samarbeide vidare med i den framtidige ordninga.
- Styringsgruppa må få oversikt over utviklingsbehova i dei ulike kommunane før den 23. november. Det er òg viktig å få til ei drøfting med dei tillitsvalde.
- Informasjon om kompetanseordninga og oppsummering frå førre møte den 13. september ligg som vedlegg til referatet.

SAK 45/18 LÆRINGSØKT/SAMARBEIDSMØTE MED NLA – DESENTRALISERT SATSING.

1. Bjørn Håvard Bjørklund innleia økta med eo orientering frå workshop i regi av OECD.
 - OECD skal utarbeida ein rapport som ser på ordninga med desentralisert kompetanseutvikling.
 - Ordninga skal løyse enormt mange utfordringar.
 - Det vert sagt at dette skal vera ei varig ordning, men ein saknar dokument som tydeleggjer dette. Formalisering er ei utfordring.
2. Kristian Øen la fram [skissa/rammeverket](#) for satsinga.
 - Gruppa er godt nøgde med rammeverket. Den vil kunna ta ned det som måtte vera av forvirring, og skuleleiarane og dei tilsette kan kjenne seg att i modellen.

- Modellen skal danne grunnlag for utviklingsarbeidet på dei skulane som er plukka ut til samarbeid med NLA.
 - Viktig at alle set seg godt inn i innhaldet i rammeverket. Skulane må «eige» dette!
 - Kven bør vera med i kommunane sine arbeidsgrupper?
 - Kva rolle skal ressurspersonane i satsinga IBS ha?
 - Kva rolle bør PPT ha?
- 3.** Paul Otto Brunstad med økt kor han reflekterte kring det å drive implementeringsarbeid, og korleis få teori og praksis til å hengja saman.
- Inspirerande økt. Me gler oss til å høyre meir under leiarkonferansen den 13. februar.
- 4.** Vegen vidare:
- Datoar for samlingane i kommunane bør på plass snarast.
 - I utgangspunktet er det tenkt å følgja skulane i 3 semester.
 - Rammeverket for satsinga må presenterast for skulane nå i haust. Skuleeigar har ansvar for dette.
 - Jan Gilje vert NLA sin kontaktperson i samarbeidet med Stord, Fitjar og Etne. Kristian Øen samarbeider med Sveio, Bømlo og Kvinnherad.
 - Det må gjerast avtale med kontaktperson før første samling. Skuleeigar har ansvar for denne prosessen.
 - Det er eit mål at rammeverket skal kunne nyttast når ein tar fatt på satsingar/utviklingsarbeid som kjem i framtida. Ikkje berre for å få til eit betre inkluderande skulemiljø.
 - Til neste møte, den 23. november, kan det vera lurt å sjå på ein meir formell avtale for samarbeidet mellom FOS og NLA.

SAK 46/18: KOMPETANSEHEVING 18/19

- Orientering om komande tilbod i FOS.
 - Alle tilbod ligg på [heimesida](#) vår.
- Oppfølging etter møtet med BUP. Skal vi leggja opp til ein fagdag med einingsleiarane, PPT og BUP?
 - I første omgang lar vi det vere nok at Styringsgruppa deler BUP sin presentasjon frå førre møte med sine leiarar.

SAK 47/18: SKULERUTA 2019/2020

- Styringsgruppa vart samde om desse datoane for dei regionale fagdagane:
 - 01.11.19, 24.01.20, 16.03.20.

SAK 48/18: YMSE

- Ingen saker meldt inn.

Sveio, 31.10.18

Bjørn Tore Enerstvedt
Dagleg leiar/referent

Postadresse:	Telefon:	Bankgiro:	E-post:	Nettstad:
Postboks 40 5559 Sveio	53748091 92093681	32400887550 Org nr: 864 967 272	bjorn@sveio.kommune.no	www.fos-sunnh.no

Kopi:

Undergruppene i FOS
Postmottak medlemskommunane,

Postadresse: Postboks 40 5559 Sveio	Telefon: 53748091 92093681	Bankgiro: 32400887550 Org nr: 864 967 272	E-post: bjorn@sveio.kommune.no	Nettstad: www.fos-sunnh.no
--	---	--	--	--